



Arkivnr: 2014/18069-18
Saksbehandlar: Arthur Kristian Arnesen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2015

Tiltak for å møte omstillingsutfordringane i leverandørindustrien til petroleumsnæringa i Hordaland.

Samandrag

I samband med at rapporten Leverandørindustrien i Hordaland, - Status og framtid for SMB, blei lagt fram som referatsak i fylkesutvalet sitt møte 19. mai bad representanten Valle om at det blei lagt fram sak om dette før sommaren. Fylkesordføraren la til grunn at dette blei ei politisk sak.

I denne saka er det ei kort oppsummering av dei forslaga til tiltak som næringslivet kom med og av HOG Energi sine tilrådingar.

Vidare fremmer fylkesrådmannen eit forslag om korleis fylkeskommunen som regional utviklingsaktør kan ta eit initiativ for å halde eit sterkt fokus framover på desse utfordringane og få til ein best mogleg koordinering av den regionale innsatsen.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet ser svært alvorleg på den vanskelege situasjonen for leverandørindustrien til petroleumsnæringa og vil ta initiativ til ein samordna regional innsats for denne industrien ved at:

1. Det opprettast eit omstillingsutval med to representantar frå arbeidstakersida, to frå bedriftssida, ein frå IN, ein frå NAV, ein frå kommunane og ein frå fylkeskommunen. Fylkesutvalet velger følgjande to representantar til å delta i omstillingsutvalet: Mandatet blir å ta initiativ til, og få gjennomført konkrete tiltak og prosjekt for å lette den strukturelle omstillinga i denne sektoren.
2. Fylkesutvalet stiller inntil 5 millionar kroner til disposisjon for delfinansiering av konkrete omstillingstiltak og prosjekt for leverandørindustrien retta mot petroleumsnæringa. Midlane blir tatt frå omstillingspotten i HNH budsjettet for 2015, som blir forvalta etter behov av fylkeskommunen sjølv eller av Innovasjon Norge Hordaland.
3. Resultata av arbeidet i utvalet og bruken av midlane skal vurderast ved utgangen av 2016 før det blir tatt stilling til eventuell vidareføring.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.06.2015

Bakgrunn.

På møtet i fylkesutvalet 19. juni 2014 fremma Sveinung Valle spørsmål om korleis fylkesrådmannen stiller seg til dei indikasjonane ein på det tidspunktet såg på at leverandørindustrien til petroleumsnæringa hadde utfordringar.

Til møtet i fylkesutvalet 24.09.2014 la fylkesrådmannen fram ei orienteringssak (RS 143/2014) om sitt syn på situasjonen og kva tiltak han ville sette i verk. Det sentrale var å gjennomføre ei kartlegging av situasjonen for å få ei betre oversikt og få fram næringsaktørane sitt syn på kva for tiltak som bør settast i verk.

HOG Energi blei engasjert til gjennomføre undersøkinga. Ei førebels tilbakemelding blei gitt ved årsskiftet og referert i samband med fylkesordføraren sitt nyttårsmøte. Den endelege rapporten blei levert frå HOG Energi i slutten av april og presentert for fylkesutvalet i møtet 19. mai ([RS 75/2015](#)). I møteboka frå dette møtet blei det tatt med følgjande:

*«I samband med RS 75/15 stilte **Sveinung Valle** seg positiv til at "fylkesrådmannen er innstilt på å koma attende med ei eiga sak til fylkesutvalet om desse spørsmåla, etter at fylkesutvalet har vurdert innhaldet i rapporten frå HOG Energi", og bad om at det vert lagt fram sak før sommaren. Fylkesordføraren legg til grunn at det vert lagt fram politisk sak»*

Denne saka er ei oppfølging av ønsket om politisk sak.

Kort om forslag til tiltak og tilrådingar i rapporten.

Ein oppsummering av rapporten med hovudfunn og tilrådingar blei gitt i referatsaka til møtet 19. mai. Her vil ein kort oppsummera det som rapporten sa om forslag til tiltak frå næringslivet og HOG Energi sine tilrådingar.

Om bedriftene sine forslag til tiltak står det at alle bedriftene har presisert at næringa handterer dei forretningsmessige utfordringane til dømes relatert til reduksjon av kostnader og auka produktivitet sjølv. Samstundes er dei tydelige på at ulike myndigheiter på ulike nivå har ein rolle å spele for å sikre konkurransekraft og minimera dei negative samfunnsmessige ringverkandane av nedgangen.

Forslaga frå bedriftene er oppsummert slik i rapporten:

- *Bedriftslederne mener det er nødvendig med et tettere samarbeid mellom bedriftene for å få til en optimalisering av kapasitet, utstyr og ressurser. De fleste gir uttrykk for at dette er en fornuftig måte å tenke nytt på, og at det vil være et viktig steg på veien videre for å skape et nytt og nødvendig samarbeid mellom bedriftene*
- *På dette grunnlaget ser bedriftene for seg at det skapes en ny kultur mellom bedriftene som åpner for et tettere markedssamarbeid*
- *Det ønskes en ny måte å handle på for å få til fellestiltak rettet mot nye markeder både nasjonalt og internasjonalt*
- *Mange bedriftsledere ønsker å effektivisere produksjonsprosessene*
- *Et stort flertall av bedriftslederne ga klart uttrykk for at de mener at mer hensiktsmessige permitteringsregler kan være et viktig tiltak*
- *Innviklede og foreldede dokumentasjonskrav oppleves som et stort hinder av leverandørbedriftene som nå klart ønsker en forenkling av dokumentasjonskrav*
- *Med henvisning til finanskrisen for noen år siden mener flertallet av dem vi har snakket med at myndighetene sentralt bør vurdere å etablere finansielle krisepakker*
- *Regionale myndigheter bør etablere beredskapsplaner med tanke på permitteringer, oppsigelser og nedleggelse av bedrifter. Det tenkes spesielt på planer og opplegg som kan hjelpe ledige med omstilling, omskolering og ny utdanning i tett samarbeid med NAV*

- *Bedriftslederne mener det er naturlig at sentrale myndigheter vurderer justering av avskrivningsregler, arbeidsgiveravgift, selskapskatt og formueskatt på arbeidende kapital*
- *Det er nødvendig at sentrale myndigheter vurderer om eksisterende virkemiddelapparat er godt nok. En avbyråkratisering av virkemiddelapparatet er ønsket*
- *Det ønskes også fra bedriftene at lokale og sentrale myndigheter spiller en mer aktiv rolle som døråpner til nye internasjonale markeder*

I sine tilrådingar skriv HOG Energi at alle som er blitt intervjuet i samband med kartlegginga understreker at de synast det er svært positivt at Hordaland fylkeskommune og politikarane i fylkesutvalet har tatt eit initiativ for å kartlegge utviklinga i leverandørnæringa og korleis dette slår ut for bedriftene i leverandørkjeda.

HOG Energi peiker på at bedriftene har ein klar forventning om at politikarane følgjer opp denne saka vidare, og setter i verk nødvendige tiltak både på kort og lang sikt. Først og fremst vil det være eit viktig signal at fylkeskommunen på eit breitt politisk grunnlag tar saken opp med relevante sentrale politiske myndigheiter. Vidare peiker HOG Energi på at eit slikt initiativ bør følgjast opp mot næringa sine aktørar gjennom dialog der bedriftene regelmessig kan få møte sentrale politikarar. HOG Energi foreslår at regionale myndigheiter gjennomfører følgjande tiltak:

- *Ta den alvorlige situasjonen i leverandørnæringa i Hordaland opp med sentrale politiske myndigheter, og sette følgjande tema, som aktørene selv har fremhevet, på dagsorden:*
 - *Permitteringsregler*
 - *Skatteregimet, særlig i forhold til formueskatt på arbeidende kapital*
 - *Virkemiddelapparatet, særlig avbyråkratisering*
 - *Regionale omstillingsmidler*
 - *Dokumentasjonskrav knyttet til industrien*
- *Etablere en handlingsplan i regi av Hordaland fylkeskommune for å håndtere konsekvensene med hensyn til:*
 - *Arbeidsledighet*
 - *Tap av hjørnesteinsbedrifter og kompetanse*
 - *Omstillingsmidler og omstillingsbehov*
 - *Undervisning og etterutdanning*
- *Etablere regelmessige møter mellom næringsaktørene og myndighetene i Hordaland for oppfølging av tiltakene*
- *Etablere en plan for utnyttelse av frigjort kompetanse og arbeidskraft rettet mot fornybarteknologi og fornybarsatsing*

HOG Energi peikar også på at i samtalane har mange bedriftsleiarar tatt opp temaet «det grønne skiftet». Spørsmålet som går igjen er kva som meinast med det grønne skiftet og omstilling til fornybarsamfunnet og kva som er det konkrete innhaldet i dette. I følgje HOG Energi meiner bransjens aktørar dei kan spele ei viktig rolle med sin kompetanse i ei framtidig grøn utvikling, parallelt med at dei skal ivareta petroleumsbransjen sitt behov for kompetanse i mange tiår framover. HOG Energi tilrår at Hordaland fylkeskommune, som den viktigaste regionale utviklingsaktøren i Hordaland, setter desse problemstillingane på dagsorden.

Forslag til vidare oppfølging frå fylkeskommunen.

Som det går fram både av rapporten frå HOG Energi og dei nesten daglege medieoppslaga, har situasjonen blir mykje vanskelegare enn den var då representanten Valle tok opp denne saka for eit år sidan. I tillegg visar resultatane frå [siste utgåve av Næringsbarometeret](#) som blei lagt fram 22. mai i år, at forventningane innafor denne sektoren er negativ og er i ferd med å prege også andre delar av næringslivet i fylket. Den rapporten som no ligg føre gir fylkeskommunen langt betre grunnlag for å arbeide vidare med sikte å få til målretta tiltak for denne sektoren.

Etter fylkesrådmannen sitt syn er det viktig å merke seg at problema for denne bransjen ikkje berre er ein konsekvens av låg oljepris. Då saka blei reist av Valle i fylkesutvalet, hadde enno ikkje fallet i oljeprisen

starta. Sektoren var då prega av strukturelle problem med eit kostnadsnivå som ikkje var berekraftig på lang sikt og som hadde utvikla seg som følge av høgt aktivitetsnivå over fleire år. Fallet i oljeprisen hausten 2014 forsterka så desse problema. Dette inneber også at det ikkje vil hjelpe særleg å berre sitte stille og vente på at oljeprisen igjen vil stige til et akseptabelt nivå og så håpe at problema med det løyser seg sjølve. Skal denne leverandørindustrien ha ei god framtid må dei strukturelle problema løysast med omstilling, innovasjon og nyskaping. Ansvar for dette ligg primært hos næringsutøvarane, men myndigheiter nasjonalt og regionalt kan medverke ved å gjere noko med rammetilhøva for denne industrien og med å stimulera og støtta konkrete tiltak og prosjekt.

Som det går fram, både av bedriftene sine konkrete forslag til tiltak, og av HOG Energi sine tilrådingar, er det både snakk om betring av dei nasjonale rammetilhøva og om regionale tiltak. Arbeidet med betre nasjonale rammetilhøve vil primært vere ein påvirkingsoppgåve for regionalt politisk nivå, eventuelt i samarbeid med aktuelle kommunar. Fylkeskommunen har også ein rolle som regional utviklingsaktør som både inneber å få satt i gang konkrete utviklingsprosjekt og å koordinere aktivitet og tiltak mellom ulike regionale aktørar.

Det har ikkje vore tid til å gjere ei nærare vurdering og prioritering av dei ulike tiltaka og fylkeskommunen aleine har heller ikkje tilstrekkeleg kompetanse til å vurdere alle dei ulike forslaga som er fremma. For å ivareta dei ulike oppgåvene og rollene fylkeskommunen har og for å knytte til oss ein breiare kompetanseplattform, vil fylkesrådmannen tilrå at fylkeskommunen tar initiativ til å etablera eit eige omstillingsutval. Mandatet for utvalet vil dels vere å arbeide vidare med dei ulike forslaga i rapporten, både frå HOG Energi og frå bedriftene. I tillegg vil det vere aktuelt å ta opp nye forslag til prosjekt og tiltak. Utvalet bør vere relativt breitt sett saman og ha med representantar frå både arbeidstakar- og arbeidsgivarsida i næringslivet, frå politisk nivå i fylkeskommunen og kommunesektoren, og frå andre regionale aktørar med særskilt ansvar på området som NAV og IN. Hordaland fylkeskommune tar ansvar for leiing inkludert sekretariat for utvalet. I fyste omgang blir det lagt opp til at utvalet skal arbeide ut 2016. Etter dette blir det gjort ei vurdering av arbeidsform og oppnådde resultat før ein avgjer om og tilfelle korleis arbeidet skal vidareførast.

For å kunne medverke til å utløysa konkrete tiltak og prosjekt vil fylkesrådmannen tilrå at det stillast pengar til disposisjon for dette arbeidet. I fyste omgang har eg i ei anna sak til dagens fylkesutval tilrådd at det nyttast 5 mill kr av omstillingsmidlane til dette formålet. Midlane skal kunne nyttast som utløyande delfinansiering av konkrete tiltak og prosjekt knytt til kompetanseheving, omstilling, innovasjon og nyskaping. Midlane skal både kunne gå til direkte bedriftsstøtte og til tilretteleggande tiltak. Midlar til bedriftsstøtte skal forvaltast av Innovasjon Norge medan midlar til prosjekt og tiltak av meir tilretteleggande karakter blir forvalta av fylkeskommunen.

Med utgangspunkt i dei utfordringane leverandørindustrien står overfor, vil nok behovet for midlar vere langt større enn dette. I det årlege brevet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet om behovet for omstillingsmidlar for neste år vil fylkesrådmannen fokusere behovet for midlar til omstilling i leverandørindustrien. Dersom fylkeskommunen får tilført midlar i budsjettet for 2016, vil fylkesrådmannen komme attende til fylkesutvalet om disponeringa av desse midlane.